



Fredag kveld var det irske tonar som fylte Dønhaugkjedlaren. Då var The Foggy Few tilbake for tredje gang. Dei to føregåande gangene har det vore heilt fullt med publikum. Det forundrar oss litt at det ikkje var det denne gangen òg. Forklaringa må vera at vi alt er inne i ei travel førjulstid. Men eg er sikker på at ingen av dei som kom, angra på det!

Alt frå dei første publikummarane kom ein time før konsertstart, var stemningen god. God fyr på peisen var med og sytte for det. Muskarane kom på scenen då klokka hadde runda ni, og då var kjedlaren om lag halvfull med folk. Dei som var der kosa seg frå første tone.

Dei fekk presentert iøyrefallande irsk musikk av muskarar som verkeleg beherska det!! Eit begeistra publikum gav seg ikkje før dei hadde fått fleire ekstranummer ved konsertslutt. I tillegg er Dønhaugkjedlaren skreddarsydd til musikk også frå denne sjangeren.

Muskarane gav tydeleg uttrykk for at dei stortrivdes på Dønhaug, og heldigvis ønskjer dei seg tilbake fleire ganger. Då fortener både dei og vertsskapet fullsett kjedlar.

Etter det uskedalen.no kjenner til, er neste arrangement i Kjedlaren med Robert Hald i desember. Det skulle og freista mange...

Av Thor Inge Døssland